



Nr 3

2015

66. årgang



G A
JOL OG GODT
L R

Ein avgrensa Gud

På døra til ei mellomalderkyrkje i Köln finst eit bilet som viser Jesusbarnet i krubba. Bak ser vi oksen og eselet og over det heile Betlehemsstjerna. På kvar si side av krubba sit Maria og Josef. Dette motivet finst i ulike versjonar over heile jorda. Det spesielle ved akkurat dette biletet er innskrifta som står på sida: HIC ARTATUR DEUS = *Her blir Gud avgrensa.*

Fyrste gongen eg møtte denne setninga slo den umiddelbart inn i meg: Det er jo dette som er jula sin løyndom. Her blir Gud avgrensa. Ingen kan utøve avgrensinga sin kunst slik som Gud, for ingen har så mykje å miste.

Jesus, som kom frå Gud, søkte seg nedover til ei krubbe i småbyen Betlehem. Martin Luther seier det slik: «Han som all verden er for trang, Her ligger Han på moders fang».

Det er naturleg å tenkje at dersom Gud er til, så er han så stor at vi ikkje kan fatte han. Men juleevangeliet seier: Han lèt seg fatte i krubba!

Mange trur at dersom Gud er å finne noko stad, så må det vere



ute i det uavgrensa rommet, i naturen. Men kva finn vi ei-gentleg der? Vi kan vel saktens ane Gud, men heller ikkje meir. For her er ingen ord, ikkje noko ansikt og ingen tydeleg vilje.

Dersom vi ikkje kjenner Gud i krubba, så blir den Gud vi finn ute i naturen forma som ei forstørring av våre eigne tankar, kjensler og draumar. Naturopplevinga blir ei stadsfesting av det tankegodset vi har med oss allereie. Men jula sitt evangelium seier noko vi ikkje kunne ha tenkt ut på førehand: «Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss» (Johannesevangeliet 1, 14). Jesus, Ordet frå Gud, gjekk

rundt blant oss i Nasaret, Kapernaum, Betania og Jerusalem. Han vandra omkring og hadde heile himmelen med seg. Ikkje rart mykje skjedde. Ikkje rart at folk undra seg og sa: Alt han gjer er godt! Kvar finn vi Gud? Her i Jesus er Gud i avgrensa utgåve som menneske- men likevel heilt og fullt til stades. Paulus skriv ein stad: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu».

Her blir Gud avgrensa – det betyr at Gud finst over alt, men han lèt seg ikkje møte overalt. Gud er for stor for oss. Han er for rein, for heilag, for lysande til at vi med vårt øydelagde og sjølvsentrerte perspektiv kan finne han.

Men i barnet i Betlehem, som blei til mannen Jesus, der er Gud. Denne jula møter vi han igjen i kyrkja, i Bibelen og i bønna. Det er avgrensa møteplassar, men der er den grenselause Gud alltid å møte, heilt og fullt. Og det er ingen ting han heller vil enn å møte oss.

*Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin*



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du
elektrikar,
kontakt oss på
tlf. 57 78 89 00

Eit barn er fødd i Aust-Kongo:

Gje tryggleik til jul!

Vesle Victor er barnet til ein namnlaus valdtektsmann og tenåringen Maria som har overlevd det unemnelege. Han er eit barn fødd i smerte og kjærleik. Denne jula kan du vere med og gje ein ny start til born som Victor og mødre som Maria. Det kan du gjere saman med kyrkjelyden din og Kirkens Nødhjelp.

–Når eg ser på Victor, prøver eg å tenkje på framtida, og ikkje på kva eg har opplevd. Eg elskar han, seier Maria (19). Ho bur framleis saman med sonen på rehabiliteringssenteret Dorcas hus, der overlevande etter krigsvaldtekter får tryggleik, traumebehandling og støtte til å utvikla sitt eige levebrød. Senteret ligg vegg i vegg med Panzi-sjukehuset der Maria er eitt av 50 000 valdtektoffer som har fått livreddande be-

Ramme:

Panzi-sjukehuset blei oppretta av Dr Denis Mukwege i 1999. Det var meint som eit sjukehus for fødande kvinner, men blei eit valdtektsmottak som måtte spesialisere seg på kirurgiske operasjonar for å redde kvinner og jenter med øydelagde underliv etter krigsvaldtekter. Har gjeve livreddande behandling til meir enn 50 000 valdtektoffer.

Dorcas hus er eit rehabiliteringssenter knytt til Panzi-sjukehuset. Her får kvinnene traumebehandling, opplæring og støtte i kvarandre for å kunna klara å leva att og ha eiga inntekt. I tillegg driv senteret forsking og førebyggjande arbeid som spesielt rettar seg mot menn.

Kirkens Nødhjelp er norske kyrkjelydar sin eigen diakonale organisasjon, og har jobba i Aust-Kongo i 25 år, etter å ha støtta diakonalt arbeid i landet sidan 70-talet. Berre dei siste tre åra har 2 541 overlevande etter valdtekter fått traumebehandling, skulegang og arbeidstrening på ein trygg stad som resultat av dette arbeidet. I tillegg fokuserer Kirkens Nødhjelp på fred og forsoning, førebygging av kjønnsbasert vald og å sikra rent vatn og trygge sanitærforhold til folk som er fordrivne på grunn av konfliktene.



handling av den fredsprisnomi-nerte kirurgen Denis Mukwege og teamet hans.

Valdtekst som taktikk

Konflikten i Aust-Kongo held fram. Brutale valdtekter blir bukte taktisk i konflikten for å rive i stykke familiar og lokal-samfunn. Krigen handlar om kontroll over råvarer og rivalisering mellom ulike etniske grupper. Overgriperane har ofte vore soldatar sidan barn-

domen, og ofra får store fysiske og psykiske skadar. Maria er ei av mange som også får barn som resultat av valdtekstene:

– Eg vil ikkje at borna mine skal oppleva all valden eg har opplevd. Det vil øydeleggja dei så veldig. Slik kan vi ikkje ha det, seier Maria.

Gje tryggleik til jul!

Kirkens Nødhjelp jobbar med dei som er skada, med dei som skadar andre og med dei som med livet som innsats vil føre-byggje vald og skapa tryggleik i Aust-Kongo. Dei siste tre åra har Kirkens Nødhjelp gjeve fleire tusen overlevande etter valdtekter traumebehandling, skulegang og arbeidstrening på ein stad der dei kan kjenna seg trygge.

–Dette arbeidet kan du delta i! For det går heldigvis an å kome på beina att etter øyde-leggjande vald. Og valden kan stoppast. Takk for at du er med og gjev tryggleik til jul, seier generalsekretær Anne-Marie Helland i Kirkens Nødhjelp. Sjølv har Maria ei oppmading til oss:

–Be for oss og landet vårt så valdtekst og vald stoppar!



Juletrefest Sundag 27.des. kl.15:00

Balsam skipar, tradisjonen tru, til juletrefest/ korgfest i Hyllestad kyrkje 3.juledag. Med korgfest er tanken at alle som kjem, tek med litt småkaker frå julebaksten, Balsam syter for saft og kaffi på den måten bidreg alle litt og alle får nok! Dette har vore eit triveleg innslag i jula dei to siste åra, og Balsam ynskjer ha dette som fast tradisjon. Det vert andakt, ymse programinnslag, matykt og juletregong, det vert og eit loddssal – der inntekta går til barne og ungdomsarbeidet i kyrkja. Alle er hjarteleg velkomne til ein triveleg ettermiddag saman i godt lag..



Tysdag 29. september var denne fine gruppa på besøk i Hyllestad kyrkje. Gjennom eit arrangement på kommunehuset kom dei i kontakt med kyrkjekontoret og prest Audun. Norsklaerar Siv Fristad har undervisning for dei, og på dette besøket vart dei vist rundt i kyrkja frå galleri til sakristi, og dei hadde også litt å fortelje frå sine land. Ei kjekk stund!

Andakt og basar ved Hornedalen bedehus

Handsopprekkinga etter samkoma i Ramsgrø 23.08. syntet at ingen kom til å forlata staden utan ein eller fleire gevinstar under armen.

Men først var det andakt ved Håkon Giil. Han tok utgangspunkt i dagens tekst frå Lukas 12, og streka under kvar ein skild sitt forvaltaransvar for skaparverket og kvarandre. Som vanleg møtte organist Erling Akse ved orgelkrakken. Etter andakten fylgde så den tradisjonelle basaren. Som vanleg var eine bedehuskråa dekka av gevinstar – sameleis trekking av vinnarane i regi av Jofrid. I Ramsgrø er det kort veg frå gåvebord til vinnar, og replikane sit laust både frå fordelar, vinnar og frammotte elles. Ein viktig del av den årlege samkoma i Hornedalen bedehus i august er kaffien med noko attåt. Og «attåt» var ikkje nokre få kjeksar frå ein butikk, men eit rikeleg og variert heimelaga bakverk.


Til sist vart det som vanleg trekt ut vinnarane «på bøkene». Ein stor derl av basarinntektene kjem nettopp frå basardamene sine husbesøk i grondene i Øn. Det er ikkje liten innsats basardamene for Hornedalen bedehus gjer for å halda gudshuset vedlike. Dei er verd å nemna – Reidun Fleten, Inger Hauken, Jofrid og Målfrid Høydal.

Håkon Giil tok med i andakten deira innsats som fint døme på å ta forvaltaransvaret på alvor. Kasserar Inger kunne i ettertid opplysa om at basarinntektene 2015 nådde 16.550,-. Pengane kjem vel med når huset skal målast og taket ryddast våren og sommaren 2016.

Teks/foto Per Bygnes



Det skjer på Alværa



9. januar kl. 10.00 til 16.00. Kyrkje-og misjonsdag.

Sjå eiga omtale.

8.-10.januar: Leiarhelg

19.-21. februar: Vinterleir for 2.-6. klasse

26.-28. februar: Musikkleir for 4.-7. klasse

4.-6. mars: Mariahelg

For meir informasjon – kontakt Alværa Misionssenter eller sjå Alværa Misionssenter på facebook.

For leiraner vil ein etter kvart finne opplysningar på www.nmsu.no/bjorgvin. Her kan ein også melde seg på.

Til dei andre arrangementa er det påmelding til Alværa - 489 90 661

«Å vere kyrkje i grisgrendte strøk»

Dette er temaet på kyrkje- og misjonsdagen på Alværa Misionssenter laurdag 9. januar kl. 10-16.

Kva inneber det å bygge kyrkjelyd? Kva utfordringar møter vi når vi bur så spreitt og det i tillegg går ei sentraliseringsbølgje over landet vårt? Korleis engasjere friviljuge? Korleis skape fellesskap som betyr noko i kvardagen? I år er vi glad for å ha fått Knut Fredrik Sørheim til hovudinnleiar. Han vart i

haust pensjonist etter å ha vore sokneprest i Masfjorden i om lag 30 år. Misjonskonsulent Ingvald A. Frøyen blir med også i år. Tradisjonen tru vil vi denne dagen også syngje mykje, ete god mat og få tid til å bli kjent med nye menneske. Temadagen blir avslutta med gudsteneste kl. 14.30. Om ettermiddagen blir det eit kort årsmøte for Det Norske Misjonsselskap (NMS) i Ytre Sogn område.

Set av dagen allereie no, så du ikkje går glipp av ein inspire-

rande dag i møte med andre frå både Sunnfjord og Ytre Sogn. I år vil vi spesielt utforde dei nye sokneråda til å vere med. Brosjyre blir sendt rundt til kyrkjelydane, men ein kan melde seg på til Alværa allereie no, telefon 48990661. Det blir leiarhelg for ungdom frå fredag kveld, og vi håpar at også barnefamiliar har lyst til å vere med i eit triveleg fellesskap denne laurdagen i januar.

Områdeutvalet i NMS

Mariahelg 4—6. mars

Tema: "Alle mine veier"

Fredag 4. mars til søndag 6. mars blir det igjen Mariahelg på Alværa Misionssenter ved Lavik i Sogn – ei helg der vi får senke skuldrene og løfte blikket. Opp til 40 damer samlast til åndeleg og sosialt fellesskap, kreativ utfalding, påfyll til kvardagane og gode måltid, alt saman i trivelege omgjevnader. Det vert høve for både turgåing, skravling, song og spel, meditasjon og/eller handarbeid i sofakroken. Viktig på Maria-helga er også at ein ikkje er forplikta til å vere med på alle programpostar, men kan bruke tid til kvile eller stille stunder, dersom det er eit ønskje.

Hovudtaler Anne Kristin Aasmundtveit er forfattar, redaktør og bibelforteller. Fikk Emmausprisen i 2006 saman med illustratør Hilde Kramer for boka Gule roser til pappa. Boka ble også prisbelønt i Grafills Årets vakkreste bok i 2007. Sist utgitte bok: Alle mine veier. En pilegrims vandring. Anne Kristin har lang erfaring med solosong, spesielt i kyrkjelege samanhengar.

Meir informasjon og påmelding: 489 90 661 eller på e-post: alvera@nms.no. Du finn oss også på facebook.com/Mariahelg.paa.Alvaera. Velkommen til Mariahelg!




Kyrkjelydsbasaren 4. oktober 2015

Den årlege kyrkjelydsbasaren vart, som dei 2 føregåande åra, halden i Hyllestad kyrkje. Mange hadde funne vegen til kyrkja denne ettermiddagen, om lag 80 i talet. Her var ymse programinnslag med m.a. Elisabeth Sowerby Dale, song og William Anthun, kornett. Ein kort liturgisk del med andakt. Vidare vart det mat og kaffi og god drøs rundt borda samstundes som konfirmantane gjekk rundt og selde årar.

Dette vart ein av dei beste basarane vi har hatt til no. Det kom inn kr. 48.116,-. Takk til alle som har bidrige med vinstar, loddosal, loddkjøp og ikkje minst Åfjorddalens bygdekvinnelag som ordna med mat og kaffi på basardagen. Overskotet frå basaren, når utgifter til vinstar og bevertning er trekt frå, går til barne- og ungdomsarbeidet i

kyrkjelyden.

Barne- og ungdomsarbeidet er det viktigaste arbeidet i kyrkjelyden, og vi ser at born og unge finn seg til rette og kjenner seg heime i kyrkja. Hyllestad kyrkje har vorte ein naturleg samlingsstad for dei unge når dei møtest til ungdomsklubb annankvar fredag. Ei stor takk til dei friviljuge som stiller opp for ungdomane våre på denne måten.



Borna inntok kyrkja

I haust har 4, 5 og 6-åringane vore invitert til samling/samlingar og gudsteneste i kyrkja. 4- og 6 åringane har fått Mi kyrkjebok 4 og Mi kyrkjebok 6, medan 5-åringane har vore på kyrkjerottesamlingar der dei har sett filmen om kyrkjerottene Vesle og Fredo. Dei har etterpå laga i lego noko av det som dei såg i filmen. Difor vart det laga både kyrkje og båt med Jesus og dei 12 venene hans.

Alle samlingane har starta med at ein tener lys i lysgloben; eitt lys for kvart barn, medan alle seier: «Vi tener lys for....., Guds barn, vår søster/bror.» Samlingane vert avslutta med at ein et i lag. Søndagen har det vore familiegudsteneste med utdeling av bok eller diplom der borna medverka. Dei var med i inngangsprosesjonen, deltok i samlingsbøna, song og lystenning.



Tårnagenthelg

Andre helga i mars (12.-13. mars), skal tårnagentar innta kyrkjer i Hyllestad. Laurdagsettermiddag vert det samling i Øn kyrkje fra 15.00 til 19.00 og søndag føremiddag skal det vere tårnagentgudsteneste i Hyllestad kyrkje.

Dei som var tårnagentar i fjar, får invitasjon til å vere med på enda ei agenthelg. I tillegg til agentar, englevakter og agentsjefar, vil vi også bli kjent med Maria.

De som er fødd i 2006 og 2007 vil få invitasjon i posten. Er det ein forelder, besteforelder, fadder eller storesøster/storebror som vil vere med heile eller deler av helga, er dei velkomne.

T.L.

Minikonfirmant vinter/vår 2016

Nok ein gong vil dei som går i 5. klasse få invitasjon til å vere minikonfirmant. Dette er eit godt kjent trusopplæringstiltak i Hyllestad, då det har vore minikonfirmantar her kvart år sidan 2005.

Minikonfirmantopplegget består av 2 gudstenester, 4 samlinger rett etter skuletid og weekend på Alværa. Weekenden er felles med minikonfirmantar frå Høyanger og Solund.

Dato for samlingane er:

søndag 24. jan kl.11.00: Gudsteneste med bibelutdeling og presentasjon av minikonfirmantar

4 samlingar rett etter skuletid onsdagar – frå 12.30 til 14.20

27. januar, 10. februar, 24. februar og 9. mars

8.-10. april: weekend på Alværa

29. mai: Minikonfirmantavslutning. Gudsteneste med utdeling av diplom

Invitasjon kjem i posten etter jul.

T.L.

Tid for tru

Betakurs/ Trusopplæring for vaksne i kyrkjelyden


Fem torsdagar frå januar til mars vert det eit undervisningsopplegg for vaksne i Hyllestad kyrkje i regi av Hyllestad sokneråd. Kurset høver både for dei som allereie er med i ei gruppe i kyrkjelyden eller i ei foreining, men også, og ikkje minst, dei som aldri har vore med i ein slik samanheng.

For nokre år sidan var det Alpha-kurs i Hyllestad med god deltaking. Dette vert eit slags «betakurs», der ein vil føre vidare undervisning og samtale om sentrale ele-

ment i trua. Biskop Halvor Nordhaug har ved fleire høve oppmoda kyrkjelyda om å tilby slike undervisningsopplegg.

Kurskvelden tek til med eit godt måltid mat, så litt song og enkel opningsliturgi før undervisning og samtale. Til slutt ei kort oppsumming i plenum.

Sokneprest Audun Systad vil ta ansvar for undervisningsdelen. Han har erfaring frå liknande kurs i Balestrand. Andre i kyrkjelyden vil vere med som gruppeleiara og ta praktisk ansvar elles.



Tid for tru

Innhald og datoar for samlingane:

Tid: Torsdagar frå kl.19.30-21.45

Datoar:

14.januar: «Kan eg tru – når eg tvilar?»

28.januar: Første trusartikkel: «Eg trur på Gud Fader»

11.februar : Andre trusartikkel: «Eg trur på Jesus Kristus»

3.mars: Tredje trusartikkel: «Eg trur på Den Heilage Ande»

17.mars: «Kva gjer dei kristne når dei trur?»



Stad: Hyllestad kyrkje

Informasjon:

Kontakt kyrkjekontoret 57788565 eller m. 971 55 237
(Audun)

Påmelding:

På grunn av matservering ønskjer ein helst å få påmelding. Like fullt er det mogeleg å vere med om ein ikkje kan møte kvar gong. **Frist: 10.januar 2016**

Solution – Hyllestad

Ungdomsklubben i Hyllestad kyrkje

I førre kyrkjeblad kunne ein lese om BaseCamp, ungdomsarrangementet me hadde ei helg i mai.

Dei flotte ungdomane våre treivst så godt den helga, at dei etterlyste meir. Det har me teke på alvor, og no er ungdomsklubben SOLUTION ein realitet.

Solution betyr: LØYSING,- (me har adoptert tittelen frå gjengen på Askøy).

Fredag 30. oktober var fyrste samling,- vidare har me samlast annankvar fredag - planen er å halde fram med det.

Me har sagt at målgruppa er 13-18 år, men at det er ope for ungdom i alle aldrar ☺

Kva me driv med?

- Me startar med prat, leik, og bli kjend-aktivitetar.
- Me syng lovsongar og gospel, stundom til playback frå YouTube, men også til «heimespøta» musikk.
- Me har andakt, - ulike vaksne som bidreg her.
-så syng me endå meir....
- Mat: Heimebaka pizzasnur-



rar går ned på høgkant...☺ litt fredagsgodt som chips, popcorn, gulrot og frukt, saft og vatn. (menyen kan komme til å variere)

- Leik, konkurransar og moro.
- Felles avslutning

Ungdomar frå Askøy har vore med og hjelpt oss i gang. Det er me takksame for. Dei er gode førebilete, og til stor inspirasjon for oss alle.

Me er heldige som har positiv ungdom her i kyrkja vår, som er dyktig med song og musikk, og som er villig til å engasjere seg. Så no er det planar om å starte eige «band» i kyrkja. Slikt

kan me like!

Det er fleire vaksne som har engasjert seg i ungdomsklubben. Og det er heilt nødvendig. Det skal ordnast med mat,- rigast og ryddast. Ungdomane ordnar mykje sjølv, men det er trygt og godt å ha positive vaksne rundt seg.

Så om du kjenner at du har lyst og høve til å bidra, så er det berre å «melde seg». Facebooksida heiter: Ungdomsklubb «Solution» Hyllestad,- eller ta kontakt med underteikna. Om du kan tenke deg å bidra i Solution-bandet ,- gje oss ein lyd!



Tre flotte ungdomar,- Emild, Vilde og Mari (14-15 år) sei-er dette om ungdomsklubben:


- Det er kjekt og sosialt
- Det er flott. Eit bra arrangement der du kan møte andre ungdomar og snakke om, og bli meir kjend med , Gud og Jesus.
- Det er bra at det er eit ungdomstilbod til oss også etter at me er konfirmert, ikkje berre vanlege gudstenester.
- På ein ungdomsklubb kan ein vere meir aktiv, men det er også stundom kjekt å gå på vanlege gudstenester, spesielt på Tomasmesse.
- Kjempkjekt at me av og til får besök frå Askøy.
- Me må prøve å få til eit lovongsband i kyrkja. Det er fint å kunne synge lovsongar.
- BaseCamp i vår, var skikkeleg gøy,- det må me gjere igjen, minst ein gong i året.
- Me håpar at ungdomar frå nærliggande kommunar også har lyst å bli med på klubben,- det hadde vore kjempkjekt.



- Fem av oss jentene i 10.klasse reiste på Jesusfest i Grieghallen i Bergen i oktober. Det var ca. 2000 personar der. Det var veldig kjekt, og me vil prøve å få fleire med neste år. Me håpar også å kunne reise ein gjeng, til Impuls i Stavanger, i slutten av januar.
- Det er fint å komme saman med andre kristne ungdomar, kjekt og til inspirasjon.

- Nye menneske,- nye mogelegheiter.
- Ein blir aldri for gammal for ungdomsklubb, håpar me.
- Me oppfordrar alle ungdomar til å komme på ungdomsklubb, for me har det kjekt saman.

Kirsten Gravdal Ryland.



Ein lørdagskveld no i november hadde eg ei utruleg inspirerande oppleving. Eg fekk vere med på ungdomsklubb i kyrkja på Hyllestad. Ein flott bukett med ungdommar var samla til fellesskap og prat, leik og lov sang, andakt og mat. Åra går fort så eg må innrømme at eg måtte gjette og spørje kven som var der. Nokre få klarte eg å gjenkjenne på slekta, men eg bomma også. Ei jente måtte svare benektande på mi gjetting om kven ho var, ”men eg trur du har døypt meg”, la ho stille til. Hyggelig å møte dåpsbarna igjen i ein slik samanheng! Det gler meg stort å sjå kva Hyllestad kyrkjelyd har fått til med kyrkja, og ikkje minst at den no er tilrettelagt slik at ungdommen kan vere der! Så flott at det finst menneske med mål og visjonar som også er villige til å bruke tid og krefter på å byggje noko så verdifullt. Det er ungdommane som er framtida, både i samfunnet og i kyrkja! No er det viktig at så mange som råd støttar opp om ungdomsarbeidet og om dei som dreg lasset, med praktisk hjelp og med forbøn og økonomi. Eg ser fram til å følgje med vidare, litt frå sidelinja og litt frå innsida.

Karl 11

Konsert i Hyllestad kyrkje med brødrene Nordstrand og Brad White

Fredag den 2. oktober var det duka for storfin konsert i Hyllestad kyrkje med brødrene Jan-Tørres, Terje og Per Nordstrand, som går under namnet foCus som artistgruppe. Med seg hadde dei pianist Brad White, som for nokre vil vere godt kjend for å ha turnert med den amerikanske gospelkvartetten «Blackwood Brothers». Brødrene Nordstrand har også sine slekt aner frå våre områder, farfar til brødrene vaks opp på garden Nordstrand og familien flytta seinare derifrå til Løland. Så dette medførte sjølvsagt ei rask «handsopprekking» i salen for å sjekke «slektstavla» lokalt.

Arrangør var Hyllestad Sokneråd og Dalane Indremisjon i fellesskap, og ein var frå arrangør hald spente på både oppmøte og mottaking denne konserten ville få lokalt. Presseomtalen før konserten kunne fortelje om songarar som hadde spelt inn fleire cd-er under leiing av ein av USA sine fremste gospelprodusentar, Ben Speer, som også skulle vere godt kjend for dei fleste for si deltaking i Bill Gaither Homecomming program og ei rekke DVD 'ar derifrå.



Og då konserten tok til var det samla 80 forventningsfulle tilhøyrarar i kyrkja, frå Hyllestad og nabokommunar, og dei som kom vart ikkje skuffa.

Vi fekk ein flott konsert med eit breitt spekter av songar, og ikkje minste instrumentale godlydar frå ein glimrande pianist. Vi fekk trio song frå Brødrene Nordstrand, akkompagnert av Brad White, men også vakker «Southern gospel Quartet» der alle fire stemde i.



Så vart det nokre solonummer av Brad White med både song og vakkert pianospel, og han synte seg og som ein glitrande saksofonist. Alt vart fint samanfletta på norsk/engelsk til ei samla oppleving som fekk smilet, latteren og godfølelsen fram blant tilhøyrarane. Sjeldan har det ny innkjøpte flygelet i Hyllestad kyrkje kome slik til sin rett som denne kvelden. Og instrumentet fekk mykje skryt frå den erfarte pianisten, som etter sitt Noregs besøk skulle vidare til Balkan og Filipinane for nye konsertar.

Det var mange smil å registrere blant tilhøyrarane etter konserten, og underteikna vil personelg få takke Brødrene Nordstrand og Brad White for ei særdeles flott oppleving i Hyllestad kyrkje denne kvelden.

Jostein Ryland

Glimt frå konftida

Konfirmantåret er godt i gang, også Lavik og Hyllestad saman i år. Ein fin flokk. Her kjem nokre glimt:



Kjekt å prøve
orgelet

*"Som barn
i ditt bus"
,sangen to-
nar i kyrkja,
og konfir-
mantane
opplever å
vere det.*



Heime hos Ryland i november. Fin kveld!



Lykke til md arbeidet



Song på Thomasmessa 12.november

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe døkk som parorande,
med alt som hører ei verdig gravferd til.

Bloemstortorget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01



ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein
- Kantstein
- Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf: 959 43 735 www.aamsognes.no

Glede og sorg

Døypte:

Hyllestad: Claudia-Isabell Trebino Fernandez
Vebjørn Underdal Fludal
Emily Hauge Norheim

Vigde:

Øn: Camilla Avedal og Bjørge Ulvik

Gravlagde:

Hyllestad: Norvald Sverre
Hovlandsvåg f. 1939
Nikka Ovidia Råsberg f. 1919
Ivar Systad f. 1943
Øn: Ragnar Sørbø f. 1935
Fredrik Huseklepp
Hatlem f. 2015
Ingrid Marta Fleten f. 1930
Oddvar Bordvik f. 1931
Olav Huke f. 1929
Ruth Nordbø f. 1931
Bø: Daniel Espeland f. 1920
Else Hildur Ness f. 1938

SPAR
Hyllestad
ÅPEN 09-19 (16)


HAVYARD
Improving life at sea



Lat oss realisere din bustaddraum!

RYLAND BYGG AS



Vi tilbyr: Hus og Hytter frå Byggmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleiing og Prosjektleiing
Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / www.rylandbygg.no / firma@rylandbygg.no

Velkommen til kyrkja

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:
www.hyllestad.kyrkja.no

01.01.2016	Nyårsdag	Hyllestad kyrkje	16.00	
14.01.2016	Torsd.	Hyllestad kyrkje	19.30	Tid for Tru
20.01.2016	Onsd.	Hyllestad kyrkje	17.30	Barnegudst/T-
24.01.2016	Såm	Hyllestad kyrkje	11:00	Gudsteneste
28.01.2016	Torsd.	Hyllestad kyrkje	19.30	Tid for Tru
31.01.2016	KrFo	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste
07.02.2016	Fastel.	Øn kyrkje	16.00	Gudsteneste
11.02.2016	Torsd.	Hyllestad kyrkje	19.30	Tid for Tru
14.02.2016	1sif	Hyllestad kyrkje	19.30	Thomasmesse
03.03.2016	Torsd.	Hyllestad kyrkje	19.30	Tid for tru
06.03.2016	4sif	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste
13.03.2016	Maria B.	Hyllestad kyrkje	11:00	Gudsteneste
17.03.2016	Torsd.	Hyllestad kyrkje	19.30	Tid for Tru
20.03.2016	Palm	Øn kyrkje	11:00	Gudsteneste
24.03.2016	Skjært	Hyllestad kyrkje	19.30	Påskemåltid

VALRESULTATET FOR HYLLESTAD SOKN: etter tal røyster

Hyllestad sokneråd 2015 – 2019

Faste medlemer:

Jostein Ryland
Unni Systaddal
Marion Olga Brendehaug
Liv Kristine Solheim
Steinar Urnes
Brit Inger Skaar

Varamedlemer:

1. Odd Takle
2. Reidun Skår
3. Joakim Systaddal
4. Rune Risnes
5. Olaug Brendsdal

Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. med
annonser til følgjande prisar:

Visittkortannonse
4 innrykk pr. år: kr. 2.400,- pr. År
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. År


Dobel visittkortannonse,
4 innrykk pr. år: kr. 4.400,- pr. År
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr. år

INFORMASJON

B

Returadresse.
Kyrkjekontoret
Kommunehuset
6957 Hyllestad

NORGE



Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
Epost-teneste: www.kirkens-sos.no
Kirkens SOS
ETT Menneske Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook
Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Vakttelefon i Sunnfjord prosti
Kvardagar etter kl 17:00 og på helge- og høgtids-dagar er det alltid ein prest i prostiet med beredskapsvakt.

Vakttelefonen skal nyttast om ein har bruk for prestetenester som ikkje kan vente, t.d. ved dødsbod, soknebod for døyande eller i andre kritiske situasjoner. Telefonnummer til vakttelefonen er **95483152**

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid tysdag og torsdag kl 10.00-14.00

Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjesesekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237
Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Instefjord - Privattelefon: 57 78 88 03

Klokkar Aslak Åm Sognnes - Mobiltelefon: 975 83 290

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Jostein Ryland - Mobiltelefon: 992 81 401

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as

Bankkonto: 3705.01.58455



Innhogging av nye namn
og oppfrisking av skrifa på
gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt
med ein som kjem vår og haust
og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på
tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no